

Naturmangfald knytt til innmarksbeite

Moglegheiter for friluftsliv i landbruket sitt kulturlandskap i Time kommune



Rapportansvarlig:

Toralf Tysse (Ecofact), Lysann Reinstein (Time kommune), Anne Reidun Garpestad og Yvonne van Bentum (Time kommune). 2. mai 2019.

Innheld

1.	Føringer.....	3
a.	Planprogrammet (se innledning)	3
b.	Nasjonale føringer	3
c.	Kommunale plandokumenter	3
2.	Faglig utredning og vurdering av tema/deltema	4
3.	Ferdsel i landbrukets kulturlandskap	6
4.	Avslutning/hovedkonklusjon	11

1. Innleiing

I forbindelse med revidering av arealdelen i kommuneplanen er det føretatt ei naturfaglig utgreiing om mangefull kunnskap om verdiane av «tradisjonelt jærsk innmarksbeite», og særleg verdiane for det typiske fuglelivet. Bakgrunnen for utgreiinga er at ein ser at det «tradisjonelle jærsk kulturbetet» er under endring, og under «press» mellom anna ved at det vert dyrka opp og at utbyggjarar ser meir til kulturbeta når vernet av den dyrka marka er i ferd med å verta sterkare. Verknaden av dette veit me ikkje nok om. Når me nå skal revidera arealdelen i kommuneplanen kan det vera aktuelt å visa nokre av desse områda med omsynsoner for naturverdiar, noko som må bygga på kunnskap.

Utgreiinga bygger på:

- Eksisterande forsking som må kunna dokumenterast
- Grunnlaget for utgreiinga må koma tydelig fram

2. Føringar

- a. Planprogrammet (sjå innleiing)
- b. Nasjonale føringar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

«Noreg har unike naturverdiar som ein må ta omsyn til i planlegginga. Desse verdiane er også ein viktig ressurs for friluftsliv og næringsutvikling. Arealendringar er den viktigaste påverknadsfaktoren for truga natur i Noreg i dag. 87 prosent av dei truga og nær truga artane har blitt eller blir påverka av arealbruksendringar. Mange arealendringar som kvar for seg har små verknader, kan til saman redusere naturmangfoldet vesentleg og føre til at fleire artar og naturtypar blir truga. Det er derfor ei særskild utfordring å sikre ei heilsakapleg planlegging der ein ser verknader for naturmangfoldet i samanheng for større område og fleire tiltak.»

- c. Kommunale plandokument

Kommuneplanens samfunnsdel 2015-2027

«Gjennom lovforvalting, tenesteyting og i rolla som samfunnsutviklar, skal Time søkja å balansera og vega mot kvarandre motsetnader mellom verneomsyn, jordbruksdrift, utbygging og friluftsaktivitetar i sårbare område. Kunnskap og haldning er viktige føresetnader for handling.

Kommunen skal planleggja for og ta avgjerder som sikrar berekraftig bruk og vern av naturen.»

3. Faglig utgreiing og vurdering av tema/deltema

I forbindelse med rullering av arealdelen i kommuneplanen for Time, har det vorte aktualisert eit behov for å få synliggjort kva for nokre naturfaglige verdiar som er knytt til «tradisjonelt jærske kulturbeiter», og med eit særleg fokus på fuglelivet. Det er eit auka press på innmarksbeita på grunn av behovet for spreieareal og auka matproduksjon, og me ønsker å synleggjera konsekvensar av dette for biologisk mangfald.

For å imøtekoma kommunen sitt behov har Ecofact fått utgreiingsoppdraget.

Fokus i utgreiinga har vore:

a. Litteraturstudie.

Det er søkt etter litteratur som kan belysa forsking på naturmangfaldet knytt til jordbruksområda generelt, og innmarksbeite spesielt. Litteratur som er relevant, dvs. som har studieområde mest mogleg nært jærske forhold, både i geografi og naturmangfald, er prioritert. Det er også fokusert på utviklingstrekk for naturmangfaldet i jordbrukslandskapet. I litteratursøket er det lagt vekt på fuglar.

b. Status for naturmangfald i innmarksbeite i Time kommune.

Her er det lagt vekt på å inkludera relevant informasjon om naturmangfaldet i innmarksbeita i kommunen. Det er primært nytta kjelder på nett og eigne data for å belysa dette.

c. Anbefalte tiltak.

I rapporten vert det foreslått ei rekke tiltak som er mynta på forvaltninga av innmarksbeite i kommunen.

d. Forslag til undersøkingar til oppfølging.

For å kunna forvalta kommunen sitt naturmangfald på ein god måte, er det avgjørande at kunnskapsgrunnlaget er godt nok. Rapporten som ligg føre viser at det er betydelig kunnskapsmangel om kva som finnes i dei enkelte innmarksbeita i Time kommune.

Rapporten sine hovudkonklusjonar med relevans for kommuneplanen sin arealdel

Innmarksbeita utgjer 47 % av jordbruksarealet i Time kommune. Innmarksbeita ligg spreidd i heile kommunen, men med ein konsentrasjon i den midtre delen. Innmarksbeita er varierte i både størrelse, struktur, grad av kultivering, topografi, vegetasjon, tresjikt, jorddekke, jordstruktur, næringsforhold, fuktighet med meir. Disse forholda vil også gje grunnlag for stor samla variasjon i naturmangfaldet. (s. 9)

Intensivering av drifta i jordbruket dei siste tiåra har medført drastisk negative endringar av artsmangfaldet i kulturlandskapet i mange land. I Norge har både endring

av driftsmetodar, gjengroing, gjødsling oppdyrking, inngrep med meir hatt betydning kvar for seg. (s.14)

Dei fleste innmarksbeita, inkludert gjødsla beite, har eit godt mangfald av plantearter og dyr i/på bakken. Dei vert som regel ikkje sprøyta. Det medfører at fuglar nytter mangfaldet av insekt og planter til næring. Ugjødsla, ekstensivt beite vil likevel ha eit større mangfald enn gjødsla beite, spesielt for raudlista arter, lav og sopp.

I Naturbasen er det registrert 85 lokalitetar med viktige naturtypar. Av desse har 68 lokalitetar meir eller mindre innmarksbeite innanfor det avgrensa arealet for naturtypen. I 6 av lokalitetane utgjer innmarksbeite hovuddelen. I Artskart er det registrert 48 funnstadar for raudlista høgare plantearter, samt 6 lokaliteter med raudlista lav og sopp. Berre 8 av 48 raudlista høgare plantearter og 3 av de 6 lav og soppartane er registrerte innanfor innmarksbeite. Registreringene i Naturbasen er ikkje alltid oppdaterte. Ein del av dei kartlagde områda har ikkje vorte forandra sidan dei vart registrerte i 2003. Så informasjonen her må nyttast «forsiktig».

Et variert og heterogent jordbrukslandskap har eit større mangfald av fuglar enn eit homogent landskap. Ei rekke studiar har vist omfattande nedgang av naturmangfaldet i det europeiske jordbrukslandskapet. Artar som vipe, storspove, sanglerke med fleire er det dokumentert nedgang på i Norge. Det er også registrert nedgang hos fleire andre fugleartar som hekker i jordbrukslandskapet i Norge dei siste tiåra, mellom anna busksvett, kornkråke og svarthalespove. Åkerrikse har hatt ei dramatisk utvikling i Norge dei siste tiåra, men den vesle restbestanden vert nå vurdert som stabil.

Intensivering av jordbruksdrifta er hovudårsaka til den omfattande nedgangen i bestanden av jordbruksfuglar. Vidare ser me ei auke av rov fuglar og kråkefuglar som alle i større eller mindre grad driv predasjon på vaksne og/eller egg av hekkefuglar i jordbrukslandskapet. Vipe er ein av artene som har vore sterkt utsette for denne predasjonsauken.

Fuglar som er knytte til innmarksbeite er der i stor grad på grunn av næringsforhold og/eller habitat for hekking. Mange av desse fuglane har meitemark som sin viktigaste næringskjelde. Tettleik av meitemark er høgare i beitemarksjord enn i fulldyrka jord.

Vipa føretrekker fulldyrka mark før innmarksbeite som habitat, samtidig som nedgangen i vipebestanden på fulldyrka mark har vore større enn dei på innmarksbeita. Innmarksbeita som ligg omkring fulldyrka jord kan likevel vera viktige for vipa, både som næringsområde og som avlastningsareal når graset på den fulldyrka marka vert for høgt. For storspove er innmarksbeita viktige som hekkeområde. Tabellen under viser dei primære hekkehabitata for dei andre raudlisteartane i kommunen:

Tabell 6.1. Oversikt over fugler som hekker i jordbrukslandskapet i Time kommune.

Art	Rødliste	Primære hekkehabitat	Innmarksbeiteenes betydning
Åkerrikse	CR	Siloeng, høyt gress	Høyst næringsområde, trolig marginal betydning
Vipe	EN	Siloeng, kort gress, gjerne forsumpet preg og brakkareal	Sekundært hekkeområde, næringsområde
Storspove	VU	Mosaikk siloeng, innmarksbeite, myr	Hekkeområde, næringsområde
Sanglerke	VU	Åker, brakklagte arealer, eng	Marginalt hekkeområde, næringsområde
Vaktel	VU	Siloeng	Trolig marginal betydning
Bergirisk	NT	Eksponerte bergskrenter, både langs kyst, fjell og innland	Arten kan hekke på innmarksbeiter dersom habitatet ellers passer (se primærhabitat)
Gulspurv	NT	Variert kulturlandskap, med busker, småskog, brakmark, dyrka mark mv	Hekkeområde, næringsområde

I jordbrukslandskapet i Time er ei rekke fuglearter representerte i hekketida. Eit mindretall av desse artane hekker på innmarksbeita, mens mange artar som hekker utanfor innmarksbeite nytter desse til næringssøk. Det største artsutvalet førekjem under trekktidene.

Fram til 1980-tallet var vipa ein vanlig hekcefugl på stort sett heile Jæren. I eit studieområde på Jæren har det vorte registrert 44 % nedgang i hekkebestanden i perioden 1997-2011. Utbreiinga av hekkande vipe i fylket har skrumpa dramatisk i løpet av dei siste tre tiåra. I denne perioden har arten stort sett forsvunne frå hekkeområda i Dalane, Ryfylke, store deler av Hordaland. Arten finnes i dag i eit betydelig redusert hekkeområde på Jæren og nokre andre område. Dersom den negative bestandsutviklinga ikkje kan dempast vil vipa truleg vera utgått som hekcefugl i fylket innan 2050.

Forvaltning

Det bør arbeidast for ein mest mogleg heterogen teigstruktur i jordbrukslandskapet. Dette betyr ei veksling mellom ulike typar dyrka mark, innmarksbeite, naturbeite, myr, med vidare. Det er derfor viktig å ta vare på mest mogleg av mosaikkstrukturen. Rydningsrøyser og steingarder bør i størst mogleg grad tas vare på i innmarksbeita sidan desse er viktige hekkelokalitetar, truleg nok ikkje direkte for vipe, men for eksempel for steinskvett og insekt som er næring for fuglar, blomster og bier. Viktigheita av å ta vare på pollinerande insekt vert påpeika i «Nasjonal strategi for villbier og andre pollinatorar» (Regjeringen, 2018).

4. Ferdsel i landbrukets kulturlandskap

Tilgang til parkar og rekreasjonsareal er viktig og undersøkingar viser at bruken vert redusert med meir enn 50 % dersom desse har ein avstand på 500 meter eller meir frå bustad. I Time har det vore ei positiv utvikling der tilgang til rekreasjonsareal har auka frå i underkant av 50 % i 2013 til rundt 54 % i 2016. Samtidig ligg Time under snittet i Rogalandskommunane når det gjeld dekningsgraden på nærturterren og naturområde over fem dekar.

Kommunen har mykje grøntareal, men jordbruksområde og innmarksbeite er ikkje rekna med då desse i liten grad kan brukast som turområde. Dette gjer at Time som jordbrukskommune, ikkje vert rekna for å ha særleg god tilgang til nærturterren, til tross for mykje grøntareal.

I forbindelse med arbeid med Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026, vart områda for friluftsliv i kommunen kartlagde og verdisette.

Miljødirektoratet sin mal for kartlegging vart lagt til grunn. Resultatet av kartlegginga viser at Time har mange flotte område for å driva friluftsliv. Stort sett alt areal til friluftsliv er privat eigd. Noko areal og mange ferdsselsårer er allereie sikra med langsigktige avtalar. Det er eit aukande behov for regulerte friområde i nærleiken av tettstadane i kommunen.

Time har fem område som er statleg sikra. Det er Stemmen på Kvernaland, Eivindholstjørn på Bryne, eit område ved Tjoatjørn på Lyefjell, Melsvatnet og Frøylandsvatnet strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag. I tillegg er det søkt om statleg sikring av eit området mellom Vardheia, Sandtangen og Frøylandsvatnet.

I tillegg er Njåskogen klassifisert som regional friluftsområde i «Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning 2017-2024», noko som betyr at det har spesiell verdi for utøving av friluftsliv. Andre område som er klassifiserte som regionale friluftsområde i Time er:

- Åsen
- Njåfjellet
- Timeheia aust (Sikvalandsheia, Bursfjell, Sælandskogen)
- Timeheia søraust (Ulvarudla og Låglia)
- Sandtangen




På veg til Ulvarudla

Som nemnd innleiingsvis, så er mest alt av areal til friluftsliv privat eigmend. Kartlegginga og verdisettinga i 2016 viser opp mange behov som skal vurderast i arbeid med arealdelen. Mellom anna om det er behov for visa som omsynssone friluftsliv for nokre av dei kartagde områda. Det er spesielt friluftsområde som ligg eit stykke frå tettstadane dette gjeld. Og mange av dei er også klassifiserte som regionale friluftsområde.

Kommunen har i 10 år, frå 2009 til 2019, hatt turopplegget Ti Turar i Time. I alle åra har det vore eit tett samarbeid mellom grunneigarane og kommunen. Grunneigarane får økonomisk støtte gjennom Regionalt Miljøprogram for å stilla areal til disposisjon for aktivt friluftsliv som turgåing. For 2019 er det 58 føretak som søker til saman om ca. 87 km tursti.

Når det gjeld turopplegget Ti Turar i Time, så har kommunen laga eit turhefte med ti turar årleg, med kart og informasjon om kvart enkelt tur. Det er remiering til alle som leverer inn turkort. Kommunen får mange gode tilbakemeldingar på opplegget, spesielt frå barnefamiliar.

Bildet under viser utsikta på turen opp til Bursfjell, ein topp som ligg mellom Time og Gjesdal kommune, og der turen starter ved gamle Eikeland skule. Dette er eit viktig turområde og arealdelen legg opp til å sikra tilgang til ei visst mengd parkeringsplassar dersom arealformålet endrar seg frå offentleg formål.



Kommunen og grunneigarar har samarbeid både om skilting av turane, legga til rette for parkeringsplass og forslag til turtrase.



Her er parkeringsplassen som er tilrettelagt for tur til Lauvlia og Skårlandskula, for å unngå at turfolket må gjennom gardstun.

Fleire av turane har og eit utviklingspotensiale både i forhold til å knytta turar saman og å få til rundturar. Turen frå Sikvaland til Låglia kan lagast til ein god rundtur. Området ved Bursfjell og Sælandsfjellet kan knyttast tettare saman med skilting og merking.

Bildet viser Låglia, ein gammal buplass der det budde folk fast frå 1899 til 1916. Huset som står i dag er det same som vart bygd i 1899. Ti Turar i Time har fleire år hatt tur til Låglia på programmet.



I perioden frå 2010 til 2019 har Time hatt følgjande turar i opplegget Ti Turar i Time:

- Brusaknuden	- Melsvatnet – Åsen
-	-
- Melsvatn	- Karten
-	-
- Njåskogen	- Rundløype på Tunheim
-	-
- Sandtangen	- Ringvegen rundt Bryne
-	-
- Lauvlia	- Rundtur Bryne-Time kyrkja – Norheim
-	-
- Synesvarden	- Vindparken på Høgjæren
-	-
- Undheim-langs Håelva	- Skårlandskula
-	-
- Urådalen	- Bursfjell
-	-

- Ulverudla	- Brekkenuten
-	
- Kvernaland-Lye	- Lyngaland
-	
- Låglia	- Blåfjellet
- Prestavegen mellom Lye og Ålgård	- Varden på Lyefjell
-	
- Frøyland-Mosvatn	- Kalbergskogen
-	
- Frøylandsvatnet rundt	- Prekestolen (Njåfjellet)

Turane har gått i store delar av kommunen, både nær tettstadane og turar lengre vekke, både enkle og meir krevjande turar.

Time kommune har også, i samarbeid med Stavanger Turistforening, merka og kartfesta åtte nærturar i kommunen. Det er fire på Bryne, to på Lyefjell og to på Kvernaland.

Oversikt over namn på nærturane:

Bryne: Timeturen, Norheim, Kolheia og Sandtangen-Re

Lyefjell: Varden og Grasdalen

Kvernaland: Stemmen og Kalbergskogen

På desse turane skal innbyggjarane kunna gå ein tur i sitt nærmiljø, utan å måtte køyra bil. Turane går både på gang- og sykkelssti, gjennom parkar og friområde og i meir ulent terren, spesielt gjeld dette for turane Lyefjell.

Meir informasjon om nærturane finn du her:

<https://www.time.kommune.no/tenester/kultur/idrett-og-friluftsliv/turar-i-time/narturar/>

Alle nærturane er merka med raude T-ar eller raude merkepålar.





På veg til Varden på Lyefjell – på merka sti

I arbeidet med revisjon av arealdelen har ikkje kommunen sett det som formålstenleg å legga omsynssone rundt friområde utanfor tettstadane.

Kommunen ønsker fortsatt å samarbeida med grunneigarane om tilrettelegging for friluftsliv, etter same mal som Ti Turar i Time.

5. Avslutning/hovudkonklusjon

a) Forslag til utfyllande tekst (ny tekst i rødt og blått) i forhold til planprogrammet

«.... I tillegg er her store område med kulturbete, eit mangfaldig kulturlandskap som det er viktig å verna om og oppretthalda drifta av. **Både dyrka jord og innmarksbete er viktig for mangfaldet av planter og dyr, men trenden i jordbruket i retning av eit meir intensivt jordbruk, større teigar og fjerning av kantområde har ført til redusert**

naturmangfald. I kommunen finn ein førekomstar av den kritisk trua raudlistearten åkerrikse, nærtrua arten vipe, dei sårbare artane storspove, sanglerke og kvartel, og dei nærtrua artane bergirisk og gullspurv. Fram til 1980-talet var vipa ein vanleg hekcefugl på stort sett heile Jæren. I eit studieområde på Jæren er det registrert 44 % nedgang i hekkebestanden i perioden 1997-2011. I denne perioden har arten stort sett forsvunne frå hekkeområda i Dalane, Ryfylke og frå store delar av Haugalandet. Arten finn ein i dag i eit betydeleg redusert hekkeområde på Jæren og nokre andre område. Dersom ikkje den negative bestandsutviklinga kan dempast, vil truleg vipa vera utgått som hekcefugl i fylket innan 2050.

Dei ulike fugleartane føretrekk ulike habitat, men for vipa og dei andre raudlisteartane er det viktig å behalda ein mest mogleg heterogen teigstruktur i jordbrukslandskapet. Dette betyr ei veksling mellom ulike typar dyrka mark, innmarksbeite, naturbeite med meir. Det er derfor viktig å ta vare på mest mogleg av mosaikkstrukturen. Rydningrøyser og steingardar bør i størst mogleg grad takast vare på i innmarksbeita sidan desse er viktige hekkelokalitetar.


Ut frå kjend kunnskap er det vist to område i Time kommune kor ein har registrert fleire raudlistartar og kor landskapet syner ein variert teigstruktur som i mest mogleg grad bør takast vare på. Moglege tiltakssøknader i områda må vurderast nøyne ut frå registrert kunnskap. Områda vil verta vurderte for tilskot gjennom tilskotsordninga «Regionalt miljøprogram».

b) Friluftsliv

Ti turane i Time kommune har gått i store delar av kommunen, både nær tettstadane og turar lengre vekke, både enkle og meir krevjande turar.

LNF?

Kommunen ser det ikkje som formålstenleg å legga omsynssone rundt friområde utanfor tettstadane. Kommunen ønsker fortsatt å samarbeida med grunneigarane om tilrettelegging for friluftsliv, etter same mal som Ti Turar i Time.



Illustrasjonskart over alle Ti Turar i Time i perioden 2009-2019, samt alle åtte nærturane

Vedlegg:

Rapport «Naturmangfold knyttet til innmarksbeite i Time kommune», Ecofact, Rapport nr 610, 2018.